

# Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2018/2019

10. mai 2019

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn til målpris og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer basert på prognosar for tilgang og forbruk av korn.

Denne prognosen er siste vurdering av balansen i sesongen 2018/2019 og grunnlag for siste tildeling av importkvotar og eventuell iverksetting av andre marknadsbalanserande tiltak.

## Tilgangsprognose

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose som oppdaterer forventa tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2013-17	Tilgang 2017	Prognose 2018	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	182 000	148 400	<b>84 800</b>	47 %	57 %
Fôrkveite	161 000	235 700	<b>42 200</b>	26 %	18 %
Kveite i alt	343 000	384 100	<b>127 000</b>	37 %	33 %
Matrug	23 000	20 900	<b>2 500</b>	11 %	12 %
Fôrrug/rugkveite	12 000	11 800	<b>5 300</b>	44 %	45 %
Rug i alt	35 000	32 700	<b>7 800</b>	22 %	24 %
Bygg	520 000	544 700	<b>408 000</b>	78 %	75 %
Havre	272 000	269 800	<b>147 000</b>	54 %	54 %
Korn totalt	1 170 000	1 248 400	<b>689 800</b>	59 %	55 %
Erter	3 000	3 800	<b>2 800</b>	93 %	74 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	10 200	<b>7 200</b>	72 %	71 %
Korn, erter, oljefrø	1 183 000	1 262 400	<b>699 800</b>	59 %	55 %
Matandel kveite	53 %	39 %	<b>67 %</b>		
Matandel rug	66 %	64 %	<b>32 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er i alt 25 800 tonn høgare enn prognosert i november og likt med prognosen i mars.

## Kvaliteten på matkveiten

NIBIO, Nofima og NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen og oppsummert viser analysane at den norske kveiten i 2018 er proteinrik, med eksepsjonelt sterk gluten og høgt falltal.

Det er lite DON i norsk korn i år.

## Forbruksprognose

### Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn i 2018/2019 er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med mars 2019. I framskrivinga er det lagt til grunn trendutviklinga pr. måned over dei tre siste sesongane.

Tørken i Norge og Nord-Europa sommaren 2018 har gitt korn med lav hektolitervekt og som gir redusert utbytte i produksjon av matmjøl og gryn. Dette er forhold som varierer mellom år og som matmjølmøllene må ta høgde for i sine innkjøp og overgangslager, men Norske Felleskjøp finn likevel grunn til å korrigere for noko av avviket i inneverande sesong som blir vurdert som ekstraordinært. Det er lagt til grunn redusert utmalingsgrad for norsk matkveite med 2 % og for grynhavre med 10 %. Dette aukar forbruket av matkorn med 5 000 tonn.

Tabellen under viser den totale foredlinga av matkorn for den norske marknaden dei siste sesongane og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
Prognose 18/19	277 600	20 000	3 500	39 800	340 900


(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

### Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 1. kvartal i 2019 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg for resten av prognoseperioden. I 3. kvartal er det registrert ein vekst på 8,3 % i salet av kraftfôr til drøvtyggarar i forhold til året før. I 4. kvartal er veksten 10,4 % og i 1. kvartal 2019 er veksten 7,8 %.

Det er lagt til grunn at grovfortilgangen gir ein ekstra vekst i forbruket av kraftfôr til drøvtyggarar i 2. kvartal i år forhold til 2. kvartal i fjor på 4 % ut over underliggende endringar i forbruket. Ut over våren er det lagt til grunn at verknaden av grovfôrsvikt i 2018 vil minke.

Figuren under viser den relative utviklinga i produksjon av dei ulike husdyrproduksjon som er grunnlag for prognoseringa av kraftfôromsetning. Det er prognosert nedgang i produksjon av svine- og storfekjøtt:



Forventa produksjon av kraftfôr i perioden oktober 2018 – september 2019 går fram av tabellen:

<b>Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)</b>					
	<b>Drøvtyggar</b>	<b>Svin</b>	<b>Fjørfe</b>	<b>Anna</b>	<b>Sum</b>
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	<b>1 964 492</b>
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	<b>1 955 402</b>
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	<b>1 966 973</b>
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	<b>1 971 781</b>
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	<b>2 002 929</b>
<b>4K18 - 3K19*</b>	<b>1 141 000</b>	<b>456 000</b>	<b>467 000</b>	<b>19 200</b>	<b>2 083 200</b>
Endring	8,3 %	-6,5 %	4,9 %	14,6 %	<b>4,0 %</b>

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Ein mindre del av omsett importkvote for karbohydrat inngår ikkje i forbruket av råvarer til kraftfôr i form av karbohydrat. Denne importen, estimert til 2 200 tonn, er korrigert for i prognosen for anna kraftfôr.

Kraftfôr blir produsert av råvarer som kan grupperast som karbohydratråvarer, proteinråvarer, feittråvarer og vitaminar/mineralar. Det er karbohydratdelen av kraftfôr som i større eller mindre grad blir dekt av norskprodusert fôrkorn og kli. Kornsesongen 2018 har gitt korn med ekstraordinært høgt proteininnhald. Dette reduserer behovet for import av proteinråvarer i sesongen og gir dermed høgare andel karbohydratråvarer. I prognosen er lagt til grunn andel karbohydrat i kraftfôret denne sesongen basert på gjennomsnittleg utvikling mellom dei ulike kvartala, men korrigert for at veksten i inneverande sesong så langt ikkje vil vere like sterk mot slutten av sesongen:

	Andel karbohydrat	
	Registrert	Prognose
2016/2017	70,2 %	
2017/2018	70,6 %	
4. kvartal 2018	73,8 %	
1. kvartal 2019	73,9 %	
2. kvartal 2019		73,8 %
3. kvartal 2019		73,1 %
4K18 - 3K19*		73,7 %

Tilgangen av kli frå norske matmjølmøller er justert opp tilsvarende auka behov for matkorn som følgje av redusert utmalingsgrad. Dette gir følgjande forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôret i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
<b>Forbruk</b>		
Kraftførsal	2 083 200 tonn	
Andel karbohydratråvare	73,7 %	
Behov karbohydratråvarer		1 535 300
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		66 500
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 468 800

## Fordeling av tilgangen av norsk korn

Det vart i 2018 overlagra overskott av 36 600 tonn matkveite og 50 686 tonn fôrkorn gjennom marknadsreguleringa etter sesongen 2017/2018. Overlagra korn inngår som tilgang saman med nytt korn i sesongen 2018/2019. I tillegg inngår fortrent korn som følgje av ekstraordinære importkvotar i 2017/2018 estimert i august 2018 til 12 000 tonn.

Felleskjøpet Agri har meldt at forventa resterande kvanta matkveite overlagra ved Stavanger Havnesilo og som ikkje vil bli omsett som matkorn i sesongen vil vere om lag 12 000 tonn. Dette vil bli brukt til produksjon av kraftfôr. I prognosen er difor overlagra kvantum matkveite redusert frå 36 600 til 24 600 tonn og tilgangen av overlagra fôrkveite auka frå 11 000 til 23 000 tonn.

Pr. 1. april er det meldt inn eit overskott av 12 000 matkveite klasse 4 som marknadsreguleringa er pålagt å handtere. I ettertid er det konkludert med at eit tilsvarende kvantum av dette kornet blir brukt til fôr. Norske Felleskjøp går difor ikkje vidare med regulering av denne vara.

Norsk havre etter sesongen 2018 er svært lett og tilfredsstillende i liten grad kvalitetskrava til matmjølmøllene. Det er gjort tillempingar i kvalitetskrava, men det vil likevel vere behov for betydeleg import av grynnavre. Den prognoserte tilgangen av norsk grynnavre er sett lik tilbakemelding frå kornhandlarane om forventa sal av grynnavre.

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra for marknadsreguleringa si rekning:

#### Fordeling av norsk korn mellom matkorn og førkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat-kveite	Mat-rug	Matkorn	Fôr-kveite	Fôr-rug	Bygg	Havre	Førkorn
Overlagra inngang	24 600	0	24 600	23 000	2 200	37 500	0	62 700
Fortrengt førkorn juli-aug '18				2 000		8 000	2 000	12 000
Ny avling	84 800	2 500	87 300	42 200	5 300	408 000	147 000	602 500
Matkorn/førkorn	-3 000		-3 000	3 000		-3 500	-13 300	-13 800
=Prognosert tilgang	106 400	2 500	108 900	70 200	7 500	450 000	135 700	663 400
- Prognosert forbruk matkorn	-106 400	-2 500	-108 900					
=Prognosert balanse - overlagring	0	0	0					
Prognosert tilgang	106 400	2 500	108 900	70 200	7 500	450 000	135 700	663 400
Innmeldt overskott	0		0	0				0
=Tilgjengeleg	106 400	2 500	108 900	70 200	7 500	450 000	135 700	663 400

#### Fordeling av matkveiten

Tabellen viser fordelinga av matkveiten, før og etter korreksjon for overlagra kveite omsett til matmjøl:

##### Klassefordeling

	Prognose sesong 2018-2019				
	Fordeling nytt korn 2018	Matkveite 2018-avling	Overlagra etter 2017/18	Tilgang i alt 2018/19 (tonn)	Fordeling inkl overlagring
Klasse 1	36 %	30 340	-	30 340	28 %
Klasse 2	9 %	7 273	-	7 273	7 %
Klasse 3	37 %	31 776	-	31 776	29 %
Klasse 4	7 %	5 816	24 600	30 416	28 %
Klasse 5	11 %	9 601	-	9 601	9 %
I alt	100 %	84 806	24 600	109 406	100 %

#### Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

##### Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskproduert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	277 600	20 000	3 500	39 800	340 900
Norsk matkorn	106 000	2 500	3 500	13 300	125 300
Underdekning matkorn	171 600	17 500	0	26 500	216 000

Andelen norsk korn av forbruket av matkorn totalt blir med dette 37 % i sesongen.

### Forslag om importkvote for matkorn

Ved avslutninga av importkvotesesongen 2017/2018 var 19 800 tonn av prognoserte og kjøpte importkvotar for matkorn ikkje brukt. Importkvotane er gitt av Landbruksdirektoratet for kvar sesong og gir industrien rom for å supplere tilgangen av norsk korn. Norske Felleskjøp prognoserer balansen i sesong og legg til grunn at kvotar som ikkje er utnytta i den førre sesongen ikkje blir korrigert for i den prognoserte balansen for denne påfølgjande sesongen. I inneverande sesong blir det lagt til grunn aksept for kompensasjon for 6 000 tonn importert matkveite som på grunn av forseinka transport vart levert først i september 2018 i staden for i august, dvs. på nytt kvoteår.

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten kan skje innanfor bilateralt avtalte kvotar. Kvantumet er sett likt sist kjende periode. Dette tilseier følgjande kvote:

<b>Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2019 (tonn)</b>	
Prognosert suppleringsimport sesongen	216 000
- Import under kvoter for durumkveite	-1 200
Suppleringsimport inklusive MUL-import	214 800
- Tildelt importkvote i august	-80 000
- Tildelt importkvote i november	-83 000
Importbehov inklusive MUL-import	51 800
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
Tilbakeføring av forseinka import august - september 2018	6 000
<b>Prognosert importkvote med administrert toll</b>	<b>58 000</b>

### Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

#### Minimumsimport av karbohydratråvarer

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Husdyrproduksjonen føreset likevel ein del import av råvarer, mellom anna til produksjon av kraftfôr. Norske Felleskjøp har gjennom rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 drøfta rammene for minimumsimport av visse råvarer. Dersom minimumsimporten ikkje sikrar råvarer som trengs for å vere tilstrekkeleg robust med tanke på å sikre dyra si helse, kan Norske Felleskjøp vurdere å tilrå kvoter for ein større import. Utrekning av aktuelle minimumsnivå for suppleringsimport av karbohydratråvarer i inneverande sesong er vist i vedlegg.

Prognosert produksjon av kraftfôr og forventanda andel karbohydratråvare i kraftfôr gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen 2018/2019 (sjå vedlegg):

	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat	1 468 800	1 468 800
Minimumsbehov for import i sesongen	-353 000	-450 400
Teoretisk rom for norsk fôrkorn	1 115 800	1 018 400

I sesongen 2018/2019 er det tilgang til langt mindre norsk fôrkorn enn industrien kunne ha brukt. Det blir difor ikkje nødvendig å sikre industrien større tilgang til import enn ordinært suppleringsbehov slik dette framstår av den prognoserte balansen mellom tilgang og forbruk.

### Prognosert suppleringsbehov i sesongen

Prognosen gir følgjande behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr	1 468 800
Rom for norsk fôrkorn 1 115 800 tonn	
Aktuell tilgang av norsk fôrkorn 663 400 tonn	
Norsk korn tilgjengeleg til kraftfôr etter svinn	-656 800
<b>Underdekning av karbohydratråvare totalt</b>	<b>812 000</b>

\*) Svinn 1,0 %

Andelen norsk korn av karbohydratdelen eksklusiv kli er med dette 45 %. Av totalt kraftfôr utgjær norsk korn 32 % denne sesongen.

### Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. For perioden 01.08.2018 – 7.11.2018 er det importert 7 900 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land og for perioden 7.11.2018 - 24.04.2019 er det importert 12 000 tonn tilsvarande. Det er ikkje gitt lisensar for perioden april-august 2019.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ein kvote på 40 000 tonn tollfri melasse til dyrefôr pr. år. Maiskvoten frå EU blir utvida med 5 000 tonn frå 01.10.2018. Denne auken er fasa inn i utrekninga av tollkvoter med 4 583 tonn for inneverande kvoteår.

GSP-kvoten for melasse blir gitt for kalenderåret. Det er teke omsyn til at ikkje heile kvoten vart brukt i 2018.

### Forslag om importkvote for fôrkorn

Prognosen gir følgjande oversikt over balansen for karbohydrat pr. mai, basert på oppdatert behov for råvarer:

<b>Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2019 (tonn)</b>	
Prognosert behov for import i sesongen	812 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-24 583
- Kvote for melasse - GSP	-38 300
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	-800
Suppleringsimport inklusive MUL-import	748 317
- Tildelt importkvote i august	-317 000
- Tildelt importkvote i november	-252 000
- Tildelt importkvote i mars	-83 000
Importbehov mai inklusive MUL-import før korreksjon	96 317
- MUL; importert og lisensiert import	-19 900
<b>Forslag til importkvote med administrert toll</b>	<b>76 000</b>



## VEDLEGG

### Tilgang korn (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Total	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Total rug/rugkveite
2003/04	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 929	11 790	49 777
16. august	79 000	43 000	122 000	7 000	4 000	11 000
12. september	75 000	41 000	116 000	5 000	7 000	12 000
15. november	82 000	45 000	127 000	3 000	6 000	9 000
14. mars	85 500	41 500	127 000	2 500	5 400	7 900
<b>Prognose</b>	<b>84 800</b>	<b>42 200</b>	<b>127 000</b>	<b>2 500</b>	<b>5 300</b>	<b>7 800</b>

### Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner	Rug-kveite <sup>1)</sup>
2003/04	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312	869
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015	413
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648	1 262
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
16. august	373 000	140 000	646 000	6 000	6 000	
12. september	370 000	136 000	634 000	6 000	4 000	
15. november	382 000	144 000	662 000	5 000	7 000	
14. mars	406 000	148 000	688 900	2 800	7 300	
<b>Prognose</b>	<b>408 000</b>	<b>147 000</b>	<b>689 800</b>	<b>2 800</b>	<b>7 200</b>	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

<sup>1)</sup> Blir rekna som fôrrug i statistikk og prognose

## Scenario for minimums importbehov i sesongen

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Sesongjustert	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	1 971 781		2 081 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	79 000	95 000
Behov for mais	50 000	70 000	53 000	74 000
Behov for melasse	60 000	60 000	63 000	63 000
Behov for økologisk vare		15 000	16 000	16 000
Behov for kveite	200 000	250 000	211 000	264 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	53 000	74 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	475 000	586 000
Norsk fôr-kveite	-70 200	-70 200	-70 000	-70 000
Norsk kli	-50 000	-50 000	-53 000	-67 000
Korreksjon for ubrukte kvoter førre kvotesesong	800	800	800	800
<b>Suppleringsbehov karbohydratråvare</b>	<b>315 600</b>	<b>435 600</b>	<b>352 800</b>	<b>449 800</b>
Tilgang karbo gjennom bilaterale kvoter (tollfritt)	-64 583	-64 583	-62 883	-62 883
Tilgang kli via MUL-import, prognosert (tollfritt)	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
<b>Minimumskvoter til auksjon</b>	<b>231 000</b>	<b>351 000</b>	<b>270 000</b>	<b>367 000</b>

## Evaluering av prognosert karboimport i 2017/2018

Under er vist evaluering av prognosert suppleringsimport av karbohydratråvarer i den førre sesongen; 2017/2018. Denne viser at prognosemodellen ville gitt grunnlag for minimal korreksjon av prognosert import etter den sesongen. Denne metoden er frå inneverande sesong erstatta av innmeldte over- eller underskott av korn og tabellen er sett inn til orientering.

Evaluering karbo 2017/18	Siste prognose	Evaluert p.t	Differanse
Omsetning av kraftfôr	2 035 000	2 002 900	-32 100
Andel karbohydrat	70,7 %	70,6 %	-0,1 %
Behov for karbohydrat	1 439 000	1 414 000	-25 000
Forbruk av kli frå norsk foredling	-60 000	-61 000	-1 000
Behov for karbohydrat ekskl. kli	1 379 000	1 353 000	-26 000
Norsk fôr-korn	-1 112 000	-1 079 000	33 000
Importbehov totalt	267 000	274 000	7 000
Bilaterale kvoter EU, GSP	-60 000	-60 000	
MUL-kvoter korrigerert	-33 000	-38 000	-5 000
<b>Kvoter for suppleringsimport</b>	<b>174 000</b>	<b>176 000</b>	<b>2 000</b>